



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Møtereferat: Hardanger og Voss Ungdomsråd 09.02.2022

Til stades:

Eidfjord kommune

Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit, Nestleiar

Kvam herad

Ungdomsrådsleiar Sander Eide Aase, Leiar

Kvam herad

Ungdomsrådsnestleiar Ida Djupevåg

Ullensvang kommune

Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati

Ulvik herad

Ungdomsrådsmedlem Johanna Hjeltnes

Ulvik herad

Ungdomsrådsmedlem Sophia Basilio

Voss herad

Ungdomsrådsnestleiar Camilla Solberg

Kontaktpersonar:

Kvam herad:

Siv Håbrekke

Voss herad:

Eivind Lorentzen Djønne

Hardangerrådet:

Trude Lægreid Rinaldo

Gjester(digitalt)

Framtidshavet:

Kenneth Bruvik og Lennart Fjell

INSPIRASJON: [Trailer NRK-serie om "Plasthavet"](#)

Prosjektet "**Rein Hardangerfjord**" v/ Framtidshavet

Dette er verdas største plastryddeaksjon på 1 dag i verdas 5. største fjord, 5 år etter plasthvalen vart funnen her. Alle kommunane i Hardanger og Voss, med ordførarane i spissen, støttar prosjektet og er pådrivarar. Kvar kommune skal ha ein kommunekoordinator.

Dette vil vera med å definera omdøme til Hardangerfjorden for naturen, samarbeid og felleskap.

- Planen:
1. Inspirasjonskonferanse
 2. Den store plastryddeaksjonen
 3. Fest for alle som har vore med med konsert - **"OCEAN AID"**

Det vert pressekonferane om ikkje lenge, der både nasjonal og internasjonal presse kjem.

Framtidshavet utfordrar Hardanger og Voss ungdomsråd til å vera med å rydda, og å vera med å arrangera. Dei treng engasjert ungdom med på laget.

Så kva kan dei, Kenneth og Lennart, gjera for å få ungdomsråda med på laget?

Er det ein ide at dei kjem rundt på skulane for å informera og insprera?

Kan de gjera dette i dykkar neste ungdomsrådsmøte?

- ★ Kan de sjå fyrste episode av ["Plasthavet"/NRK](#) på neste møte, før de diskuterar?
- ★ Prøva å finna ut korleis det står til i eigen kommune, er det plassar der plast samlar seg? (Spør kommunekoordinator)
- ★ Kan de også diskutera korleis ein kan gå fram for å få ei endring? Gode idear?
- ★ Kva vil de bidra med?
- ★ Kven vil de på konsert med? Ta også med lokale band.

SAKLISTE:

HU-sak 06/22

Saker melde inn ved møtestart

Ingen saker.

HU-sak 07/22

Hardanger Ungdomsting 2022

Etter planlegging i møte er forslag til program vedlegg til møteboka

Sander tek kontakt med Eidesvik om Bømlomodellen
Emilie med team har ansvar for BLI KJENT program.
Isak/Trude tek kontakt me Hardanger Produksjonsskule og oppfølging med Rein Hardangerfjord

HU-sak 08/22 Høyringsforslag frå HU nasjonalt ungdomsråd

Fristen har gått ut, og HU sender ikkje inn høyringsforslag.

HU-sak 09/22 Høyringsforslag frå HU om utdanningsfaget i ungdomskulen?

Dette er ikkje ei høyring, men rådet vil senda ein uttale til kommunane og kunnskapsminister Tonje Brenna med innspel til forbetring av dette faget. Dette er eit så viktig fag, der så mykje meir kunne vore gjort med eit meir målretta fokus og engasjement.

Uttalen vil HU skriva og senda etter at saka vert teken opp og diskutert i kvart av ungdomsråda og på Hardanger ungdomsting.

Frå diskusjonane så langt er dette punkta: Ungdomane vil ha meir informasjon og kunnskap om utdanning i vidaregåande skule i dette faget. Idag er fokus på høgare utdanning.

Dei vil vite meir om fag/ kombinasjonar/ lærling/behov lokalt og i samfunnet.

Dette er blitt ei viktig sak for ungdomsrådet.

HU-sak 10/22 Korleis kan skulane verta betre på digital teknologi?

HU såg introduksjonsfilmen. Dette er interessant. Dei er einige i at mykje kunne vore betre, om ein var tryggare på teknologien og utnytta potensialet betre. Tek det vidare i eigne råd.

Faktaboks: [Introduksjonsfilm her](#)

SELFIE: Eit rammeverk for fremja digital tidsalder i utdanningsinstitusjonar.

Self-reflection on Effective Learning by Fostering the use of Innovative Educational technologies

HU-sak 11/22 Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd

Eidfjord

Ikkje hatt møte sidan sist HU, skal ha det denne kvelden. Der skal dei arbeida med Oslotur dei skal på i Juni. Rådet har gitt uttale om utviding på idrettshallen.

Dei har delteke i møte med landstraumgruppa.

Kvam

Har sendt innspel til Skyss om ruteendringar dei ønskjer og ser på som svært fornuftige og nødvendige.

Er ellers deltakande i desse sakene: Strategiplan for integrering; Klagesak for fortau i forbindelse med ny vgs i Norheimsund; Kompenasjonsmidlane iforbindelse med covid; Staten tar større ansvar i friluftsområder, dvs ein må forhalda seg til miljødepartementet i mange saker.

Ungdomsrådet var med å prioriterte sakene om tilskotsordning frå bufdir til barn og unge.

Ullensvang

Skal vera med i møte om Gondal og skisenter i Håradalen.

Ulvik

Arbeider med trafikklys i Ulvik

Voss

Har støtta interessegruppe som planlegg motercrossbane. Den er også forankra i kulturplanen.

Skal på demokratiopplæring på Utøya. Kan dei delta med ungdomsråd frå annan kommune?

Referant Trude Læg Reid Rinaldo